

Innspelmøte 2 om ny stortingsmelding for villrein - 04.05.2023

Reinheimen - Breheimen villreinområde

Nasjonalparkstyra i Breheimen og Reinheimen har diskutert utfordringane i Reinheimen-Breheimen villreinområde med Villreinutval og Villreinnemnda. I punkta nedanfor er det ei oversikt over dei viktigaste tiltaka som vi meiner kan betre tilhøva for villreinen her. Vi viser også til innspel og kart frå fyrste innspelsrunde den 10.01.2023.

Forslag til tiltak

- Breiddalen i Skjåk kommune

Det einaste utvekslingsområdet/trekket mellom Reinheimen i nord og Breheimen i sør går over Breiddalen i Skjåk kommune. For å sikre dette trekkområde for framtida må arbeidet med nye tunnelar mellom Stryn og Skjåk startast opp og få prioritet i Nasjonal transportplan nå.

- Statens vegvesen sitt «Konsept B1» vil sikre trekkområdet for framtida dersom tunnelinnslaget i aust blir trekt ca. 3 km lenger austover mot Breidablikk.
- Det må gjennomførast ei scenarioanalyse i Breiddalen for å synleggjere effektane av plassering av det austlege tunnelinnslaget. Dette med tanke på villreinen sin bruk av Breiddalen som trekkveg mellom fjellområda i framtida.

- Bygningar i trekkvegane

I førre innspelsrunde vart det vist til ei hytte som var til sals, og som ligg midt i det einaste trekkområdet mellom Breheimen og Reinheimen i Breiddalen. Statens vegvesen var seljar av eigendomen. Med bakgrunn i tanken om å sikre trekkvegen for framtida vart det vurdert at hytta burde bli kjøpt opp slik at den ikkje skulle kome på private hender. Det vart gjort førespurnad til både Miljødirektorat og departement om bistand til oppkjøp av eigdommen, men utan hell. Saka enda opp med at ein privat aktør i Skjåk kjøpte eigdommen for 240.000,- og aktøren vil rive hytta med bakgrunn i trekkvegen sin betyding.

I verneområda er det nasjonalparkstyra som har ansvar for å ivareta villreinen sine leveområde og trekkvegane i eit langtidsperspektiv. Men kven har ansvar for å gjere same jobben utanfor verneområda der det er sårbare trekkområde mellom verneområda? Kommunane ja, men politiske vindar kan fort føre til endra haldningar og prioriteringar. I slike samanhengar bør det offentlege på bana og vise interesse for tiltak som kan føre til at ein kan få redusert talet på bygningar/fritidseigedomar midt i viktige trekkvegane.

- Klima- og miljødepartementet må drøfte kva som skal gjerast i slike situasjonar der det opnar seg moglegheiter for å redusere bygningar med tilhøyrande ferdsel og aktivitet i viktige trekkveggar. Slike salsprosessar går fort og det er liten tid til å tenkje seg om. Betydninga av å handle raskt i slike situasjonar vil føre at villreinen vil få det betre i eit langtidsperspektiv, og at ein reverserer fragmenteringa av trekkområda.
- Det bør og vurderast om det skal setjast av midlar som kan kompensere for frivillig flytting/erstatning av hytter/buer/installasjonar som kan ha stor betydning for å betre villreinens levekår.

- Informasjon

Det er viktig med tilstrekkelege ressursar til å drive med informasjonsarbeid i samband med villreinen og verneområda. I årets innmelding av behov for midlar til verneområda gjekk nasjonalparkstyra i Breheimen, Jotunheimen, Reinheimen og Norsk Fjellsenter i Lom saman for å få finansiert ei stilling som informasjonsmedarbeidar. Stillinga skulle sørge for at informasjonsarbeidet i dei tre nasjonalparkane og nasjonalparksenteret vart samkøyrte, og at ein kunne få til eit «informasjonslyft» som vi ikkje greier med dei ressursane vi har i dag. I svaret frå Miljødirektoratet kjem det fram dei ikkje har midlar til denne type tiltak og at nasjonalparkstyra må «arbeide politisk» for å skaffe slike midlar. Det burde vere unødvendig å gjere det på denne måten og det er i dag godt opplyst at slik informasjonsarbeid har stor betydning. I vedlegget ligg kopi av saka om driftsmidlar til informasjonsarbeid som var oppe i dei 3 nasjonalparkstyra ved juletider. Her er det meir informasjon om betydninga av satsing på informasjonsarbeid, og i tillegg ligg det også ved eit budsjett.

- Dersom ein meiner noko med satsinga på villreinen så må det bli løyvd meir pengar til slikt informasjonsarbeid, utan at det må gå via dei som har dei «beste kontaktane» oppover i systemet.

- Forsking og tilsyn

- Det trengs meir kunnskap om effekten av ferdsel og infrastruktur på villrein konkret i vårt område. Det er derfor ønskeleg å ta i bruk «scenarioanalyser» for å sjå på effekten av ulike tiltak.
- Det er viktig med tilstrekkelege ressursar til overvaking og tilsyn gjennom året, meir ressursar til beitekartlegging og GPS-merking for betre dokumentasjon av arealbruk.

- Regulering av ferdsel

Menneskeleg ferdsel er ei av dei store utfordringane for villreinen i dag, og vi har liten moglegheit til å hindre ferdsel i sårbare område der villreinen oppheld seg.

- Vi ber om at det blir gjort tiltak i lovverket slik at det blir enklare for forvaltningsmyndigheita å innføre ferdselsrestriksjonar. Dette vil vere aktuelt i eit avgrensa område og i ei avgrensa tidsperiode for å unngå forstyrringar av villreinen i sårbare periodar av året. Det må etablerast ein god prosess for korleis eventuelle ferdselsrestriksjonar skal kunne gjennomførast i praksis.
 - Strategien «Velkomen inn» i verneområda kan vere ein vanskeleg balansegang, særleg for verneområda med villrein der ein kanskje ikkje ønskjer auka besøk. Denne strategien må tonast ned i dei områda som har villrein.
- Andre moment
 - Utfordringane i Reinheimen-Breheimen villreinområde er godt beskrive i kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen for villrein. Vi viser derfor til dette kunnskapsgrunnlaget for meir utfyllande informasjon: <https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtreinheimen-breheimen/>
 - Det er ønskeleg å delta i prosessen framover med ny stortingsmelding for villreinen. Ved å bruke lokale aktørar i den komande prosessen vil ein sikre at lokalkunnskapen kjem fram, og hele prosessen og sluttresultatet vil få ei betre lokal forankring.

Med helsing frå

Edel Kveen

Styreleiar
Breheimen nasjonalparkstyre

Per Magnus Berdal

Styreleiar
Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Vedlegg:

- Sak om driftsmidlar til informasjonsarbeid i Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Norsk Fjellsenter.



Arkivsaksnummer: 2022/11779-1

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 02.12.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	57/2022	09.12.2022

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Driftsmidler - Informasjonsarbeid - 2023

Innstilling frå forvaltar

Med bakgrunn i gjeldande vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3, og intensjonsavtale med Norsk fjellsenter 18.03.19, ønskjer styret å melde inn kr.300 000,- i driftsmidler til budsjettposten 1420.31 for 2023.

Midlene skal inngå i eit spleiselag med Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter for å dekke etablering av ei 100% stilling for kommunikasjonsarbeid som det er problematisk å kunne dekke innafor dagens budsjettammer.

Eit samarbeid mellom dei 3 verneområda og besøksenteret synest mest kostnadseffektivt, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåver kan ein i større grad styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 09.12.2022

Behandling

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

Vedtak

Med bakgrunn i gjeldande vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3, og intensjonsavtale med Norsk fjellsenter 18.03.19, ønskjer styret å melde inn kr.300 000,- i driftsmidler til budsjettposten 1420.31 for 2023.

Midlene skal inngå i eit spleiselag med Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter for å dekke etablering av ei 100% stilling for kommunikasjonsarbeid som det er problematisk å kunne dekke innafor dagens budsjettammer.

Eit samarbeid mellom dei 3 verneområda og besøksenteret synest mest kostnadseffektivt, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåver kan ein i større grad styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjerme sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

Dokument i saka

- Vedlegg:
 - 1 - Vedtak 18.03.19_Sak 7-2019-Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Intensjonsavtale - Norsk fjellsenter
 - 2 - Intensjonsavtale - Norsk fjellsenter 2019
- Miljødirektoratet – M-415 | 2015 - *Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder*
- KLD - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområder* (2019)
- Nordlandsforskning – rapport 2021 - *Evaluering av forvaltningsordningen for nasjonalparker og andre store verneområder* - <https://nforsk.brage.unit.no/nforsk-xmlui/handle/11250/2736237>
- Brev av 31.05.21 frå Miljødirektoratet til Klima- og miljødepartementet - *Evaluering av forvaltningsordning for nasjonalparker og andre store verneområde*
- Sak 18/2022, 20.05.22 - *Reautorisasjon av besøkscenter nasjonalpark 2022 - Norsk Fjellmuseum*
- *Besøksstrategi Reinheimen, 2019*
- Orienteringssak i styremøte 23.09.22, sak 40/2022
- E-post frå Olav Nord-Varhaug, Fagdirektør verneområdeseksjonen, Miljødirektoratet 22.11.22

Saksopplysningar

Forvaltar orienterte om behovet for å styrke forvaltninga med informasjonsstilling på styremøtet 23.09.22 på Billingen. Styret i Reinheimen gav i møtet positive signal om at det blir arbeidd vidare med dette, jf. styresak 40/2022:

«Styret støtter at det blir arbeidd vidare med å få auka av ressurser til verneområdet. Det vil vera mest tenleg for Reinheimen med felles informasjonsstilling saman med t.d. Jotunheimen og Breheimen. Initiativ til å styrke forvaltninga med stillingsressurs til kommunikasjonsarbeid, og ressursar til drift, er aktuelt på ta opp med andre styreleiarar for å jobbe med saka politisk.»

Dei to nasjonalparkstyra for Dovrefjell og Rondane-Dovrefjell har dei siste par åra hatt ei stilling som informasjonsrådgjevar i samarbeid med Norsk Villreinsenter Nord på Hjerkin. Prosjektet er tidsavgrensa til mars 2023. Erfaringane med å ha ein medarbeidar med særleg kompetanse innan kommunikasjon og reiseliv knytt til forvaltninga er gode, og dei to nasjonalparkstyra arbeider nå for å få gjort ei slik stilling permanent. Liknande arbeid skjer også i enkelte andre verneområdestyre.

Reinheimen er ein av dei største nasjonalparkane i landet, og skal i følgje målsetting i besøksstrategien behalde sitt særpreg som eit urørt område med lite besøk. Samtidig er det stor trafikk i randsonane kring verneområdet både på austsida i Lom/Billingen/Grotli, og på vestsida i Romsdalen over Trollstigen til Valldal. Dei sentrale delene av Reinheimen skal skjermast mot ei framtidig besøksauke av omsyn til villrein. Besøksstrategien for Reinheimen legg derfor opp til å kanalisere og styre besøkande til innfallsportar som tolar besøk utan å vera i konflikt med villrein, og til randsonar utanfor vernegrensane med infrastruktur som er robuste for å ta imot besøkande. Det er ei stor utfordring og sjølvmotsigande å ønskje velkomen til eit verneområde der ein ikkje vil ha meir besøk, men samtidig er det viktig å gje relevant og god informasjon om verneverdiar og villreinen i området. Dette krever også god kunnskap og fagleg innsikt i kommunikasjonsfaget.

Vi som arbeider med verneområdeforvaltning i det daglege, ser at informasjon via nettsider og sosiale media blir stadig viktigare, og vi strekk ikkje til i å følgje med på det som blir kommunisert på nettet til ei kvar tid. Arbeidet med ny nettside retta mot besøkande/publikum starta opp i 2019 med tenestekjøp på deler av jobben. Den nye publikumssida er ikkje fullført, og arbeidet dreg ut i tid fordi sekretariatet ikkje har hatt kapasitet til å prioritere

innhaldsproduksjon. Forvaltarane skal i hovudsak produsere innhaldet på sidene sjølv, men kjøper tenester til oversetting, design/layout og teknisk drift. Dette er formalisert i ei avtale frå 2019 med Trollbinde AS. Det er utarbeidd ein mal for publikumssider under fellesportalen *Norges nasjonalparker*, som ligg til grunn.

Arbeidet med å få på plass ei ny brosjyre om Reinheimen har på lik linje med nettsida også stoppa opp, pga manglande kapasitet. Miljødirektoratet har teke på seg det grafiske arbeidet, men det krev at forvaltninga leverar fagleg innhald i tekst og foto. Jo mindre tekst vi skal ha, jo større er jobben for å få innhaldet relevant for dei vi vil nå fram til.

Behovet for ein meir strategisk og aktiv forvaltning er også peika på i evalueringsrapporten frå Nordlandsforskning frå 2021, og rapporten konkluderer med mangel på ressursar i ein del område. I oversending av evalueringsrapporten til Klima- og miljødepartementet (KLD) skriv Miljødirektoratet m.a. følgjande: *«Rapporten viser at det er store forsinkinger i mange av styrenes vedtak av forvaltningsplaner og besøksstrategier. Det synes ikke som mengden enkeltvedtak er noen avgjørende grunn til slike forsinkinger. Arbeidet med besøksstrategier har forsinket en god del styrer i arbeidet med forvaltningsplaner, til tross for at besøksstrategier etter intensjonen skulle bygge på forvaltningsplanene.»*

Evalueringsrapporten peikar på at styre/sekretariat i stor grad manglar ressursar til aktiv strategisk forvaltning og at verneverdiane kan svekkast av dette. Dei fleste styra har for lite bemanning og ressursar til å møte kompleksiteten i forvaltningsutfordringane.

Dette er også omtala i oversendingsbrev av 31.05.21 frå Miljødirektoratet til KLD:
« - - -Med økende antall besøkende, klimaendringer, bestandsnedgang for mange arter og tap av biologisk mangfold samtidig med tydelige forventinger lokalt knyttet til reiseliv og arbeidsplasser, er det et økende behov for en strategisk og aktiv forvaltning av verneområdene.

De sekretariatene som har kompetanse og kapasitet til å jobbe strategisk, gjennomføre målretta tiltak og drive nettverksbygging og forankring m.m, vil ha best forutsetninger for å møte utfordringene for sitt verneområde. Som evalueringen viser i f.eks. Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, hvor sentrale verneverdier er truet, så hindrer mengden enkeltsaker sekretariatet i å jobbe strategisk og planmessig som grunnlag for å igangsette nødvendige tiltak. I andre, mindre kompliserte områder finnes det både planer og strategier, mens gjennomføring av nødvendige tiltak begrenses av tildelte tiltaksmidler. Miljødirektoratet vil også påpeke at en mer aktiv og kvalitetsmessig markedsføring av nasjonalparkene som besøksmål med store opplevelsesverdier kan være utfordrende for styrene å balansere opp mot ivaretagelse av verneverdiene. - - -»

Situasjon skildra i Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark gjeld på langt nær også for Reinheimen. Med eit svært høgt tal enkeltsaker heile året samanlikna med andre område, i tillegg til større prosjekt og tiltak, flaum- og erosjonskartlegging, brukarundersøkingar mm, strekk ikkje ressursane til for å legge nok trykk i arbeidet med forvaltningsplan, gjennomføre skjøtelsplanar og tiltak i besøkstrategien osv.

Også andre offentlege publikasjonar peikar på behovet for styrka informasjon og forvaltning. Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområder (KLD - 2019)

I handlingsplanen blir tettare tverrfagleg samarbeid framheva (s.39):

«For å bedre kvaliteten på utadrettet kommunikasjon, bør det utvikles et tettere tverrfaglig samarbeid mellom de som arbeider med formidling. I dette arbeidet er museer, naturveiledere natur- og kulturminneforvaltning, utdanningsinstitusjonene, natur- og kulturminneguidene og den enkelte bedrift viktige.»

Besøksstrategi - merkevare

Besøksstrategien for Reinheimen ble godkjent i 2019, og er eit vedlegg til forvaltningsplanen for Reinheimen. I styrevedtak 08.11.22, i sak 49/2022, er sekretariatet bede om å sette i

gang arbeid med revisjon av forvaltningsplan. Styret ber også om ein vurdering av behovet for ein mindre revisjon av besøksstrategien samtidig i forvaltningsplanarbeidet.

Kommunikasjon er ein viktig del av besøksforvaltninga. Besøksstrategiane skal ifølgje Miljødirektoratet ha ein plan for korleis vi kommuniserer best mogleg med dei besøkande i verneområda. Merkevaren *Norges nasjonalparker* legg føringar for korleis ein kan bygge opp denne kommunikasjonen. Merkevaren skal gje ein samla visuell identitet for aktørane under merkevaren, men bruk av visuelle element er berre ein del av den samla strategien.

Overfor nasjonalparkstyra er det forventningar om satsing på fleire punkt under merkevaren:

- Innfallsportar og informasjonspunkt
- Besøksretta heimeside
- Facebook
- Instagram
- Heimeside for styret (ny side på plass, og blir drifta av sekretariatet)
- Brosjyremateriell
- Dialogmøte med reiselivet, og andre aktørar
- Formidlingsopplegg for skular og andre grupper
- Kommersielt merke
- Fleire nasjonalparker er også knytt til eit autorisert besøkscenter.

Norsk fjellsenter er autorisert senter for Reinheimen og Jotunheimen, og er også forvaltningsknutepunkt.

Det er krevjande å følgje opp alle punkta over på ein god måte. Derfor har Nasjonalparkstyret har i møtet 18.03.2019, sak 7/2019, gått inn for ei intensjonsavtale med Norsk fjellsenter, som eit ledd i besøksforvaltninga. Endeleg formalisert avtale skal leggast fram for styret.

Olav Nord-Varhaug, Fagdirektør for verneområdeseksjonen i miljødirektoratet, har i e-post til alle verneområdeforvaltarane i landet 22.11.2022, bede om at styrene melder inn behov for driftsmidlar på post 1420.31 for 2023. Bakgrunnen for det er at Miljødirektoratet trulig vil få i oppdrag å foreslå ei ordning for fast fordeling av grunnstøtte til nasjonalpark- og verneområdestyrer for vedlikehald av infrastruktur, informasjonsarbeid mv, men som også skal kunne dekke den type driftsoppgaver som det er problematisk å kunne dekke innafor dagens budsjetttrammer.

Nord-Varhaug skriv vidare at dette er ei ordning som, dersom den blir innført, vil gjere det unødvendig å søkje om denne type utgifter frå år til år.

Med bakgrunn i sakopplysningane over har forvaltarane i Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen (lokalisert i Innlandet) hatt eit møte med Norsk fjellsenter og vår næraste leiar hjå statsforvaltaren. Vi ble samde om å forankre ei felles innmelding av driftsbehov for 2023 knytt til informasjonsoppgåver, i våre styrer. Norsk fjellsenter vil også bidra økonomisk i eit slik samarbeid.

Heimelsgrunnlag

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 01.03.2020. Vedtektene kap. 8 omhandlar oppgåvene til styret. Punkt 8.2 Skjøtsel og besøksforvaltning: «- - Styret kan som forvaltningsmyndighet legge til rette for at verneområdenes potensial for verdiskapning utnyttes innenfor rammen av verneforskriftene og naturmangfoldloven. Dette skal skje gjennom konkrete forvaltnings- og skjøtselstiltak, fortrinnsvis i tråd med den delen av forvaltningsplanene som omhandler besøksstrategi. Styret skal ikke opptre som næringsaktør, men bør i denne sammenhengen innlede et samarbeid med lokalt reiseliv/øvrige reiseliv, samt det autoriserte besøkscenter. Nasjonalparkstyret skal utarbeide årlige prioriteringer av skjøtelsog forvaltningstiltak i verneområdene i tråd med den flerårige tiltaksplanen.- -»

Punkt 8.4 Grensemerking og informasjon:

«- - - Som forvaltningsmyndighet skal styret i besøksstrategien vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovedansvarlig for informasjonstiltak og skal gjennomføre dette i henhold til Miljødirektoratets merkestrategi.- - -»

Vurdering

Kommunikasjon og informasjonsarbeid er eit eige strategisk fag, og nasjonalparkforvaltarane har i varierende grad denne kompetansen. Med dagens forvaltningsmodell er det verken tilstrekkelege ressursar eller god nok spisskompetanse til å kunne nå fram til publikum på ein profesjonell måte. Fordelen med å ha ein dedikert person som jobbar med informasjon og kommunikasjon er fleire. Arbeidet med sosiale media, informasjon på internett og dialog med reise- og næringslivet krev anna type fagkompetanse enn krav til ei naturfagleg kunnskapsbasert forvaltning av verneverdiane.

Auka bruk av Instagram og Facebook krev at ein er dagleg til stade med postar som skaper interesse og merksemd om verneområdestyra sine nettsider – der ein finn korrekt informasjon om verneområda, regelverk, ferdselsveit og liknande. Kontinuerleg arbeid opp mot sosiale media krev også at ein held seg oppdatert innan kommunikasjonsfaget, og har tilstrekkeleg tid til å lage innlegg, informasjonsmateriell og svare på henvendingar/spørsmål. Aktiv profilering av nettsidene gjennom sosiale media er og viktig for å få folk inn på våre sider når dei søker informasjon om nasjonalparken. Det er viktig at fovaltninga følgjer opp og tek ei meir aktiv rolle for å kommunisere med publikum og nå fram med relevant informasjon. Dersom vi har ei passiv rolle på sosiale medier vil kven som helst kunne ta ei rolle, og nå fram med uønskt informasjon og uheldig marknadsføring av verneområda.

Med innføring av den nye merkevaren *Norges nasjonalparker* i 2015 med hovudbodskap *Velkommen inn!* gjekk utviklinga som starta i 2003 eit trinn vidare, og miljøstyresmaktene forventa sterkare fokus på at fleire besøkande skulle få eit møte med nasjonalparkane. Med godkjent besøksstrategi har Reinheimen har starta arbeidet med å oppdatere informasjonsskilt ved nokre av innfallsportane, men vi har ein lang veg å gå for å bli ein viktig informasjonskanal overfor besøkande når det gjeld nettbasert informasjon / sosiale media.

Sekretariata for verneområdestyra i Noreg har eit stort spenn i arbeidsoppgåver, der besøksforvaltning som har kome til dei seinare åra. Det betyr både auka arbeidsmengde og krav til ny kompetanse. Kommunikasjon er eit viktig verkemiddel for besøksforvaltninga, og treng å bli profesjonalisert. Ein stillingsressurs med profesjonalitet på informasjons- og kommunikasjonsarbeid, kan;

- Bidra til at forvaltninga framstår meir einheitleg og koordinert på tvers av vernegrenser.
- Få fram samarbeid med aktørar som driv aktivitetar i fleire verneområde.
- Bidra til differensiert forvaltning mellom ulike verneområde og i tid og rom
- Ein informasjonsmedarbeidar kan bidra til å skape betre dialog mellom forvaltning og næringsaktørar knytt til verneområda, som kan auke aksept for vernet.

Norsk fjellsenter er autorisert besøkssenter for Jotunheimen og Reinheimen, men har også i



sine utstillinger lagt vekt på likeverdig nasjonalparkinformasjon om Breheimen. Reinheimen og Breheimen har felles villreinområde, og mange paralelle utfordringar og sakstyper, så det vil vera ein stor fordel at Breheimen er med i eit samarbeid om å dekke ein felles stilling til kommunikasjonsarbeid.

For Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen vil det felles autoriserte besøkssenteret vera den naturlege samarbeidsparten. Eit samarbeid om informasjonsstilling vil vera eit ledd i å oppfylle intensjonsavtala med fjellsenteret om eit styrka samarbeid om besøksforvaltning, som vart inngått av Nasjonalparkstyra for Reinheimen og Jotunheimen/Utladalen i 2019 (vedlegg til saka). Dette vil også bidra til å gjera kommunikasjonsarbeidet og besøksforvaltninga meir robust, da ein medarbeidar vil lokaliserast i eit fagmiljø med andre tilsette som arbeider med liknande arbeidsoppgåver innan kommunikasjon, formidling, naturveiledning og informasjonstiltak. Styrking av fagmiljøet på det autoriserte besøkssenteret vil kunne bli ein viktig ressurs i samarbeid med andre besøkssenter, som t.d Norsk Tindesenter.

Det er urealistisk å få ressursar til informasjonsmedarbeidarar knytt til kvart styre, så samarbeidsmodellar som involverer fleire vil vera ei meir realistisk tilnærming. Eit samarbeid mellom dei 3 verneområda synest mest kostnadseffektiv, og kan også gje synergjar i form av meir samarbeid på tvers av vernegrenser.

Dei 3 verneområda er relativt ulike i forhold til kor stort besøkstrykk dei enkelte områda kan tole. Av den grunn vil det også vera nyttig å sjå fleire verneområde i samanheng. Gjennom eit samarbeid om kommunikasjonsoppgåvar kan ein i større grad prøve å styre ferdsla mot robuste område som toler besøk, og skjermje sårbare område som t.d. vinterbeite og kalvingsområde for villrein.

I styremøte 23.09.22 gav nasjonalparkstyret innspel om at det vil vera mest tenleg at ei slik stilling blir delt mellom mellom dei 3 verneområda Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen. Når det gjeld organisering kan ein sjå for seg ei eige informasjonsstilling plassert ved det autoriserte besøkssenteret med særleg ansvar for forvaltningsretta informasjon og kommunikasjonsarbeid på vegne av dei aktuelle nasjonalparkstyra. Ei slik løysning vil vera i tråd med intensjonsavtalen godkjent av nasjonalparkstyret i sak 7/2019, med slik bakgrunn: *«Aktørane i forvaltningsknutepunktet utgjer eit tverrfagleg miljø som gjennom eit formelt samarbeid kan få lyfta arbeidet med nasjonalparkane til å bli ein enda sterkare ressurs i besøksforvaltninga. Samarbeidet skal bidra til betre samspel med lokalt og regionalt reiseliv og anna næring for å nå mål om berekraftige aktivitetar og verdiskaping i og kring nasjonalparkar og verneområde. Dette er i samsvar med autorisasjonsavtala mellom Norsk fjellsenter og Miljødirektoratet og Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og for Reinheimen, pkt. 8.2 og 8.3. (syner til vedtekter for nasjonalparkstyra pkt. 8.2, og autorisasjonskriteria for besøkssenter). Vidare samlar forvaltningsknutepunktet viktig kompetanse, utviklar sterke fagmiljø og blir ein attraktiv arbeidsplass.»*

Med bakgrunn i e-post frå miljødirektoratet v/ Olav Nord-Varhaug 22.11.22, om innmelding av behov for driftsmidlar i 2023, er det rett tidspunkt for nasjonalparkstyret å melde inn midlar i eit spleiselag med Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter, til å dekke ein 100 % informasjonsstilling lokalisert på forvaltningsknutepunkt /autorisert besøkssenteret - Norsk fjellsenter.

Dersom samarbeidsaktørane Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Norsk fjellsenter går inn med kr. 300 000,- kvar, vil det grovt stipulert kunne dekke etablering av ei 100% stilling for 2023.

Budsjett - 2023

Felles Informasjonsstilling Reinheimen-Breheimen-Jotunheimen-Norsk fjellsenter

Utgifter

Løn, inkl sosiale utgifter	850 000,00
Husleie	75 000,00
Utstyr og drift kontor	55 000,00
Konferanse, reise	70 000,00
Marknadsføring, felles ressursbase	150 000,00
SUM utgifter	1 200 000,00

Finansiering

Jotunheimen	300 000,00
Reinheimen	300 000,00
Breheimen	300 000,00
Norsk fjellsenter	300 000,00
SUM finansiering	1 200 000,00

Nasjonalparkstyra og besøkssenteret sin finansiering av stillingen, føresett årleg tildeling over Statsbudsjettet, og behovsinnmelding frå dei einskilde styra